



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato: 28.04.2023
Vår ref: 2023/5755

Dykkar dato: 12.04.2023
Dykkar ref: 2023/2301

Saksbehandlar, innvalstelefon
Martin Søgnen, 5764 3079

Uttale - Landbruksveg - Alver 49/2 Fjellsbø Søndre

Vi viser til høyring på søknad om bygging av landbruksveg klasse 2 på gnr. 49. bnr. 2 i Alver kommune. Vegen er planlagd med 400 meter ny veg. I søknaden står det om tiltaket at vegen vil gi tilgang til planlagt bustadhús og driftsbygningar. Interesser i vegen er opplyst å vere 100 prosent jordbruksinteresser. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3-1, jf. § 1-1.*

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen»*

I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saken, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar som vert råka av dette veganleggjet. Det kjem fram at søker ønsker å bygge vegen i samband med etablering av bustadhús og driftsbygningar på garden. Det blir opplyst om at alle tiltak som er planlagt gjennomført vil vere med formål om å drive landbruksverksemd. Vi ber kommunen om å vurdere dette. Vi har elles ikkje nokon merknadar til jordbruksinnterresene som er oppgitt.

Med helsing

Martin Søgnen
rådgjevar